

Øvingsoppgaver panterett, JUS5860.

Inger B. Ørstavik og Kåre Lilleholt

JUS 5860 Dag 3 og 4: Pant i løsøre

7

Oppdrettsselskapet Merde AS leigde i november 2008 firmabil av leasingselskapet Lutalei AS. Kontrakten gjaldt for to år, og dei samla leigeterminane dekte om lag ein fjerdepart av innkjøpsverdien av bilen. Avtalen vart tinglyst i Lausøyreregisteret.

Ein av dei tilsette i oppdrettsselskapet, Agnar Aure, avtala i april 2009 å kjøpe bilen av arbeidsgjevaren. Økonomidirektøren forklarte at bilen var løyst ut frå leasingselskapet. Agnar overførte kjøpesummen på 50 000 kroner til arbeidsgjevaren og fekk same dagen med seg bilen. I samband med omregistreringa kontakta han Lutalei AS nokre dagar seinare, og da fekk han vita at leasingselskapet ikkje hadde fått oppgjør, og at Merde AS ikkje hadde rett til å selje bilen. Same dagen vart det opna konkurs i Merde AS. Lutalei AS kravde å få utlevert bilen, men det gjekk ikkje Agnar Aure utan vidare med på.

8

Firmaet Soil-Olsen leverte tre vassklosett og to badekar til ei bedrift som pussa opp direktørbustaden sin. Varene var leverte på kreditt, og i fakturaen stod det at Soil-Olsen hadde salspant i varene for restkjøpesummen. Seinare gjekk byggherre-bedrifta konkurs, og konkursbuet selde bygget. Soil-Olsen ville hente vassklosetta og badekara, men dette protesterte buet og kjøparen mot.

9

Kenneth hadde funnet et stort gammelt skatoll på Finn.no som han ville kjøpe. Han avtalte med selger per sms å hente skapet dagen etter. Det viste seg imidlertid at det ikke var mulig å sende med vipps et stort nok beløp til å betale skapet. Kennet sendte en sms til selger og spurte om det var ok at han betalte 2000 på vipps når han hentet skapet og de resterende 8000 med bankoverføring senere samme dag. Selger svarte tilbake på sms: «OK for meg. Skapet er fortsatt mitt så jeg kan hente det igjen om du ikke betaler som avtalt». Kenneth svarte ikke på meldingen. Hva slags krav har selger om Kenneth ikke betaler?

10

Seilforeningen Båtliv kjøper tre optimistjoller, hver til NOK 40 000, av OK Marine AS. Jollene skal brukes i seilopplæring for barn. Foreningen har ikke så stor kontantbeholdning, men forventer inntekter fra kursavgift for seilkursene. De avtaler derfor med OK Marine AS at halve salgssummen betales med en gang, mens resten skal sikres med salgspant i jollene. Etter den første sesongen sender OK Marine AS et tilbud til foreningen på en brukt 6 meter seilbåt for bruk i konkurranser. Foreningen har lenge vært på utkikk etter en slik båt og tilbudet er så bra, at foreningen slår til. Kjøpesummen er NOK 150 000, men siden foreningen ikke har penger, avtaler de at den skal sikres med salgspant i seilbåten og i de tre jollene kjøpt tidligere på året.

I den første konkurransen som foreningen seiler med seilbåten året etter, går den på et skjær og hele kjølen er ødelagt. Foreningen har ikke penger til å betale verken reparasjon eller kjøpesum. Reparasjonen koster 50 000, det er ikke nedbetalt noe på kjøpesummen, men for jollene gjenstår det kun 20 000 å betale. OK Marine AS krever de tre jollene utlevert. Kan de det?

11

Constance Gyldenstierth var eineeigar av entreprenørforretninga Gyldenbygg AS. Gyldenbygg AS hadde kontor, garasjar og lager på eigedommen Gyldenlund. Velstandsbanken hadde pant i den faste eigedommen med driftstilhøyrslø. Da Gyldenbygg gjekk konkurs, ville ikkje bustyraren godta at bankens pant omfatta ein dieseltank på eigedommen. Da konkursen vart opna var det om lag 200 liter diesel på tanken. Banken var ikkje samd med bustyraren. Kven har rett?

12

Constance Gyldenstierth var også eigar av oppdrettsanlegget Gyldenlaks AS. Nokre månader før konkursen i entreprenørselskapet selde ho all fisken i anlegget til eit konkurrerande anlegg, Oppdrift AS. Constance fekk betaling da fisken vart henta, og pengane brukte ho til å dekkje gjeld i entreprenørselskapet. Det var Velstandsbanken som hadde pant i driftslausøyren i Gyldenlaks, og da banken vart kjend med salet av fisken, kravde dei at Oppdrift AS anten skulle tilbakeføre fisken eller dekkje bankens krav mot Gyldenlaks. Det godtok ikkje Oppdrift AS. Gjer greie for rettsspørsmåla.

13

Constance Gyldenstierth hadde gått til fleire for å låne pengar til entreprenørselskapet sitt. Wim Leite hadde lånt henne 100 000 kroner mot pant i ein hjullastar som det ikkje var bruk for dei første månadene. Hjullastaren vart sett inn i ein garasje som tilhørde selskapet, og Wim fekk nøklane til garasjen. Da Gyldenbygg AS gjekk konkurs, meinte Velstandsbanken, som hadde "flåtepant" i motorvogner og anleggsmaskiner, at hjullastaren var omfatta av deira pant. Wim protesterte og hevda at han var heilt ukjend med bankens pant.